

<b>Kva:</b>	Protokoll til møte nr. 05 i Alpinksomiteen 2023-2025
<b>Tidspunkt:</b>	Onsdag 13. mars 2024, kl. 20:00-22:00
<b>Stad:</b>	Digitalt via Microsoft Teams
<b>Sakliste:</b>	<i>REFERATSAKER:</i> <i>SAK 29 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste</i> <i>SAK 30 23-25 Godkjenning av protokoll møte nr. 04 23-25</i>  <i>DISKUSJON- og VEDTAKSSAKER</i> <i>SAK 31 23-25 Rekruttering</i> <i>SAK 32 23-25 Nasjonale renn 2024</i> <i>SAK 33 23-25 Status SPV krinsrenn og Alpincup</i> <i>SAK 34 23-25 Saker til Vårmøte 2024</i> <i>SAK 35 23-25 SPV utøvarstipend</i> <i>SAK 36 23-25 støtte til FIS-løparar</i> <i>SAK 37 23-25 Skitinget 2024 og NSF vårmøte</i>  <i>EVENTUELT</i> <i>SAK 38 23- 25 Super-G samling Hodlekve</i> <i>SAK 39 23-25 Samlingsplan vår 2024</i>
<b>Til stades:</b>	Roger Ellingsund, Atle Hole Sæterbakken, Fabian Bergqvist, Cato Vik, Raket Sunde, Elisabeth Sætren, og Kennet Dvergedal (adm.)
<b>Forfall:</b>	
<b>Referent:</b>	Kennet Dvergedal

## Referatsaker:

**SAK 29 23-25**

**Godkjenning av innkalling og sakliste**

### Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

### VEDTAK

Alpinksomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

**SAK 30 23-25**

**Godkjenning av AK protokoll nr. 04 23-25**

### Bakgrunn

Protokoll frå AK møte nr. 04 23-25 er sendt ut som eige vedlegg og godkjent elektronisk tidlegare.

### VEDTAK

Alpinksomiteen godkjenner AK protokoll nr. 04 23-25.



## **DISKUSJON- og VEDTAKSSAKER**

**SAK 31 23-25**

### **Rekruttering**

#### **Bakgrunn**

I samband med rekrutteringsarbeidet til Sogn og Fjordane Skikrins er det oppretta eit rekrutteringsutval som jobbar tett med skiklubbutviklar.

Saka blir presentert i møtet.

#### **VEDTAK**

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

**SAK 32 23-25**

### **Nasjonale renn 2024**

#### **Bakgrunn**

Alpinkomiteen legg opp til fellesopplegg i samband med følgjande nasjonale renn 2024:

- Hovudlandsrennet i alpint, 2.-7. april 2024, Oppdal
- Telenorleikane, 11.-14. april 2024, Geilo

#### **VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer vedtak om følgjande hovudleiarar:

- Hovudlandsrennet: Helge Andersen, Voss Alpin
- Telenorlekene: Andreas Strand, Jølster Alpin

**SAK 33 23-25**

### **Status SPV krinsrenn og Alpincup**

#### **Bakgrunn**

Statusrunde på gjennomføring og deltaking på SPV krinsrenn og Alpincup 2024.

#### **VEDTAK**

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

**SAK 34 23-25**

### **Saker til Vår møte 2024**

#### **Bakgrunn**

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Vår møte 2024 skal avviklast 15. april digitalt via Microsoft Teams.

Ein har lagt til grunn følgjande rammeprogram for Vår møte måndag 15. april 2024:

- |                  |  |
|------------------|--|
| Kl. 18:00-19:00: | Velkommen og fellesdel                         |
| Kl. 19:00-19:10: | Pause og omorganisering                        |
| Kl. 19:10-21:00: | Fagmøter i alpint, hopp/kombinert, og langrenn |



I samband med vårmøte 2023 la alpinkomiteen til grunn følgjande sakliste:

- 1) Evaluering av sesongen 2022-2023
- 2) Sportslege rammer, og rammer for terminliste 2023-2024
- 3) Rekrutteringsarbeid/ trenarkurs
- 4) Økonomi/ marknad

## **VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer vedtak om følgjande sakliste:

- 1) Evaluering av sesongen 2023-2024 – bruk av SKU
- 2) Sportslege rammer, og rammer for terminlista 2024-2025
- 3) Rekrutteringsarbeid/ trenarkurs
- 4) Økonomi/ marknad
- 5) Telenorlekene 2025, Arr. Sogndal IL

### **SAK 35 23-25**

#### **SPV utøvarstipend**

##### **Bakgrunn**

Søknad til SPV utøvarstipend er vedlagt.

I administrasjonen sitt framlegg til tildeling av utøvarstipend 2024, har ein lagt følgjande kriterier til grunn:

- FIS-løpar
- Utøvar frå Sogn og Fjordane og representerer klubb frå Sogn og Fjordane
- Utøvar må vise potensiale til å nå langt
- Utøvaren viser gode haldningar

## **VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer vedtak om avvente søknadsprosess inntil vidare. AK leiar og adm. følgjer opp.

### **SAK 36 23-25**

#### **Støtte til FIS-løparar**

##### **Bakgrunn**

Alpinkomiteen har tidlegare engasjert FIS-løparar til å gjere rekrutteringstiltak i sin lokalklubb mot eit økonomisk bidrag frå alpinkomiteen.

I 2022 vart følgjande kriterier lagt til grunn:

- Støtte på kr. 6 000,- pr løpar
- Må representere klubb i Sogn og Fjordane Skikrins
- Bidrag inn mot rekruttering i klubb, f.eks. treningsøkt i lokal bakke, inspirasjonsforedrag via Teams m.m.
- Sende litt info til administrasjonen i løpet av sesongen (bilete, resultat og liknande)



- Løpar må sende enkel søknad som inneheld:
  - Kort presonleg info (mål for sesongen)
  - Korleis bidra med rekruttering inn mot klubben
- Søknadsfrist 21.12.2022

FIS lista 23/24 består av 9 utøvarar frå Sogn og Fjordane:

- Andrine Mårstøl, Haugen IL
- Ane Malene Myklebust, Sogndal IL
- Håvard Aarøen Taklo, Jølster IL
- Jørgen Aarøen Taklo, Jølster IL
- Kjetil Aarøen Taklo, Jølster IL
- Lucas Helle Reed, Førde IL
- Martine Vik, Førde IL
- Oskar Ellingsund, Jølster IL
- Sindre Myklebust, Sogndal IL

## VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om å støtte FIS-løparar der følgjande kriterier er lagt til grunn:

- Støtte på kr. 6 000,- pr løpar
- Må representere klubb i Sogn og Fjordane Skikrins
- Bidrag inn mot rekruttering i klubb, f.eks. treningsøkt i lokal bakke, inspirasjonsforedrag via Teams m.m.
- Sende litt info til administrasjonen i løpet av sesongen (bilete, resultat og liknande)
- Løpar må sende enkel søknad som inneheld:
  - Kort presonleg info (mål for sesongen)
  - Korleis bidra med rekruttering inn mot klubben
- Søknadsfrist 01.04.2024

Adm. følgjer opp, lagar til nettsak og sender e-post med informasjon til aktuelle utøvarar.

## SAK 37 23-25

### Skitinget 2024 og NSF vårmøte

#### Bakgrunn

Norges Skiforbund inviterer til Skitinget 2024 i Bodø 8.-9. juni. NSF Vårmøte alpint blir gjennomført dagane i framkant 6.-7. juni.

## VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering.



## EVENTUELT

**SAK 38 23-25**

**Super-G trening Hodlekve**

**Bakgrunn**

Sogndal Alpin inviterer til treningssamling Super-G+SSL.

**VEDTAK**

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

**SAK 39 23-25**

**Samlingsplan vår 2024**

**Bakgrunn**

Alpinkomiteen ønskjer å legge til rette for min. 1 samling våren 2024.

**VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer vedtak om å gjennomføre skisamling i Myrkdalen i samarbeid med Hordaland Skikrets i løpet av mai. AK leiar følgjer opp.

**Neste møte i alpinkomiteen:** Vår møte 15. april 2024, kl. 18:00 (tidlegare ved behov)

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Roger Ellingsund (s)  
Leiar AK

Kennet Dvergedal (s)  
Adm. sjef